



Hoffmann Thinn Advokatfirma AS
Strandgaten 10
5013 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7187 - 21/68953

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
19.10.2021

Stadfestar mottatt klage på vedtak om godkjenning av tiltaksplan for forureina grunn med utgreiing av saka - gbnr 304/1 og 304/25 Leirvik

Tiltak: Graving i forureina grunn
Byggjestad: Gbnr: 304/1
Tiltakshavar: Stiftelsen Meland Golf & Naturpark
Ansvarleg søkjar: Rambøll Norge AS

Vi stadfestar med dette å ha motteke foreløpig klage frå Hui gruppen AS v/Hoffmann Thinn Advokatfirma AS på vedtak av 04.09.2021 om godkjenning av tiltaksplan for forureina grunn – gbnr 304/1 Leirvik den 24.09.2021, jf. e-post av 22.09.2021.

Kommunen har sendt ut stadfesting av mottatt klage den 07.10.2021, men ifølgje klagar er denne stadfestinga uklar. Vi sender difor ut ny stadfesting av klage med noverande skriv.

Klagen av 22.09.2021 er fremja på det tidspunkt klagar fekk informasjon om vedtaket av 04.09.2021. Klagen er fremja innan det tidspunkt han har fått vite om vedtaket og er rettidig, jf. fvl. §29 annet ledd. Klagar, Hui gruppen AS, er grunneigar av gbnr 304/1 og 304/25 Leirvik sidan 06.11.2020. Klagar har i kraft av å vere grunneigar rettsleg klageinteresse i saken, jf. fvl. §28 første ledd.

Tiltakshavar for søknad om graving i forureina grunn av 13.08.2021 er Stiftelsen Meland Golf & Naturpark v/ Rambøll. Dei er opplyst av klagars representant å vere leietakarar på eigedomane.

I sist mottatt e-post av 07.10.201 frå klagars representant, så er det gjeve tilbakemelding frå klagar at det er ønskeleg å supplere klagen innan veke 41. Vi har ikkje mottatt supplering av klagen på noverande tidspunkt. Det gis frist til å supplere klagen **innan 28.10.2021**.

Før kommunen førebur saka, vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar. Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen. Det nye vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på.

Privatrettslege tilhøve

I foreløpig klage er det fremja at vedtaket av 04.09.2021 har saksbehandlingsfeil då grunneigar ikkje har vore involvert i saka og er ikkje varsla om vedtaket slik at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningsloven §17 og forurensningsloven §85.

Privatrettslege forhold forutsett kommunen avgjort før tiltaket finn stad på eigedomane gbnr 304/1 og 304/25, jf. analogisk anvending av pbl. §21-6 og EMK P1-1. Frå kommunen si side vert det fremja at partane går i dialog i høve dei privatrettsleg tilhøva. Dersom partane avklarar dei privatrettslege tilhøva, som gjer seg gjeldande i saken, bes det om ein tilbagemelding til kommunen før vi tar endeleg stilling til klagen. Kommunen presiserer at vedtak av 04.09.2021 ikkje er ei avgjerd av dei privatrettsleg tilhøva som gjer seg gjeldande i saken.

Handtering av forureina masser

Det er i foreløpig klage fremja at deponiet, som er gjeve godkjenning i 2005, synast å ha vore handsama utan at grunneigar har vore involvert. Klagars representant har kontakta dåverande eigar, Hordaland Fylkeskommune, utan at dei har funne dokumentasjon på at dei har vore involvert i denne saka. Hordaland Fylkeskommune var ukjent med deponiet sin eksistens.

Kommunen opplys at vedtaket om deponi i 2005 var fatta med heimel i plan- og bygningslova. Vår sak gjeld forureining i form av ureine masser som har heimel i forureiningslova, jf. forvaltningslova.

Det er opplyst av tiltakshavar at det er tilført forureina masser med miljø- og helseskadelege stoff over normverdi samt masser med avfallsinnhold på eigedomane. Desse ureine massane er etablert på gbnr 304/1 og 304/25. Dette er ikkje omtvista i saka.

Kommunen opplys at forureiningslova gjev kommunen heimel, som forureiningsmynde, å sørge for at forureina masser vert handtert, jf. forureiningslova §7. Dette inneber at kommunen av eige initiativ kan pålegge den ansvarlege til å treffe tiltak etter forureiningslova. Dette beror på ein konkret vurdering for det einskilde tilhøvet. Til dømes kan den ansvarlege vurderast å vere leietakarar eller grunneigar. Kommunen kan pålegge grunneigar å treffe tiltak dersom leietakar ikkje handterer forureininga. Sterke identifikasjonsomsyn mellom leietakar og grunneigar gjer seg gjeldande da det er miljøverdier som blir skadelidende og det er miljøverdier som har krav på et strengt vern. Pålegg om handtering av dei etablerte forureina massane skjer i utgangspunktet uavhengig av tidlegare løyve etter plan- og bygningslova eller anna lovverk då det er dagens situasjon som aktualiserer tiltak etter forureiningslova.

Kommunen orienterer at det ikkje er gitt at grunneigar skal informerast om sakens gang eller om vedtak etter forureiningslova. Det er leietakar som her har fremja eit ønskje om å rydde opp i dei forureina massane på eigedomane i tråd med forureiningslova føremål om reine masser. Vi kan velje å følgje ein forureiningssak overfor grunneigar istadenfor leietakar dersom ein slik framgangsmåte er meir hensiktsmessig og vil kunne lede til ønskja resultat om reine masser.

Då det ikkje er fare for akutt forureining på staden og under føresetnad at omstenda ikkje endrar seg, så handsamar kommunen noverande klage først før vi tar stilling til om vi skal følgje opp saka av eige initiativ etter forureiningslova.

Vidare legg kommunen til grunn at det ligg føre ein leigeavtale mellom partane. Slik vi forstår, så er leietakar gjeve ein rett og plikt til å forvalte eigedomane utan at det er opplyst om det er leietakar eller grunneigar som skal følgje opp spørsmål om forureining overfor kommunen.

Vi informerer at det i utgangspunktet ikkje er naudsynt for kommunen å ha leigekontrakten tilgjengeleg eller at partane sjølv løyser spørsmålet privatrettsleg før kommunen handsamar ei sak om forureining all den tid kommunen kan velje om det er oppfølging av leigetakar eller grunneigar som vil vere meir hensiktsmessig i saka og som vil kunne lede til ønskja resultat om reine masser på eigedomane.

På noverande tidspunkt er det leigetakar som har fremja ønskje overfor kommunen om å handtere dei ureine masser med søknad om graving i forureina grunn av 13.08.2021. Kommunen godkjente søknaden om tiltaksplan for forureina grunn i vedtak av 04.09.2021. Dette vedtaket er no påklaga av klagar i kraft av å vere grunneigar.

Vurderinga av tiltaket etter forureiningslova

Kommunen presiserer at vedtaket av 04.09.2021 er ei avgjerd etter forureiningslova, jf. forureiningsforskrifta §2-8.

Vurdering av tiltaket etter plan- og bygningslova

Kommunen presiserer at vedtaket av 04.09.2021 ikkje er ei avgjerd etter plan- og bygningslova.

I søknad om graving i forureina grunn av 13.08.2021 frå Stiftelsen Meland Golf& Naturpark v/ Rambøll, så har tiltakshavar lagt til grunn at graving i forureina grunn ikkje er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningsloven. Om graving er eit «vesentleg terrenginngrep» og om dette tiltaket fell inn under plan- og bygningslova, er ikkje vurdert i vedtaket av 04.09.2021. Søknad om tiltak av 13.08.2021 vert difor oversendt til avdeling Plan- og byggesak for nærmare vurdering etter plan- og bygningslova.

Vi vil gjeve partane nærare tilbakemelding når tiltaket er vurdert av Plan- og Byggesak.

Aktuelt regelverk

- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedkomande forurensa grunn - gbnr 304/1 og 25 Leirvik
Stadfesta mottak av klage gbnr. 304/1, 25 Leirvik
Godkjenning av tiltaksplan for forureina grunn GBNR 304/1 og 304/25 Leirvik

Kopi til:

Hoffmann Thinn Advokatfirma AS
Rambøll Norge AS

Strandgaten 10
Postboks 427 Skøyen

5013
0213

BERGEN
OSLO

Mottakarar:

Hoffmann Thinn Advokatfirma AS
Rambøll Norge AS
Stiftelsen Meland Golf & Naturpark

Strandgaten 10
Postboks 427 Skøyen
Leirvik gard

5013
0213
5918

BERGEN
OSLO
FREKHAUG